

# Villreinjakta i Kvinesdal



**Torfinn Normann Hageland**

**Torfinn Normann Hageland:**

# **Villreinjakta i Kvinesdal**

Utgjeve av verdiskapingsprosjektet  
*Kunnskapsformidling om villrein og villrein fjell,*  
og  
Verneområdestyret for Setesdal Vesthei  
og Ryfylkeheiane.

Utforming: Naturinform SA, 4230 Sand  
Omslagsbilde villrein: Ragnar Djuvik  
Omslagsbilde lav: Rune Roalkvam, Naturinform SA

Trykk: Haugesund Bok og Offset, Haugesund,

2021

# Innleiing

Heilt sidan steinalderen må det ha vore drive villreinjakt i Kvinesdal, men nå er det dessverre gått 25 år sidan det sist blei skote rein i desse heiane. I tillegg må ein nok gå endå 20 år tilbake for å finna sist periode jaktutbyttet var godt. Under slike omstende går det raskt tilbake med jakttradisjonen. Røynde jegerar tek ikkje lenger jaktturen om hausten, og det blir stadig vanskelegare for unge jegerar å skaffa seg erfaring med villreinjakt.

Ei slik utvikling er eit tap for både villreinen og for lokalsamfunnet. Villreinen i våre heieområde har bruk for lokale talsmenn som kan tala dyra sin sak. Og ein levande jakttradisjon kan vera viktig for heimkjensle og trivsel.

Derfor er det viktig å lyfta fram at det har vore villreinjakt i Kvinesdal inntil nyleg. Kunnskapen om kvar det blei jakta og om korleis det blei jakta burde vidareførast. Det er også viktig å peika på korleis dei store arealinngrepa lenger nord har gjort det vanskelegare for reinen, og at det er her ein finn årsaka til at villreinjakta tok slutt i Kvinesdal. Til dette viktige arbeidet har vi fått hjelp av Torfinn Normann Hageland som kjenner heiane. Me er svært godt nøgde med resultatet og vil takka han for dette verdifulle bidraget til kunnskapen om jakttradisjonane i desse heiane.

Denne historia om villreinjakta i Kvinesdal er ein del av eit større arbeid med å kartlegga jakttradisjonane i utkantane av villreinområdet. Der ein særleg har valt å konsentrera seg om kommunar der villreinjakta har gått tilbake i seinare tid. Derfor vil det bli utarbeidd liknande hefte for Hjelmeland, Sirdal, Åseral og Bygland.

God lesnad!

*Med vennleg helsing*

**Bjørn Laugaland**

*Leiar for verdiskapingsprosjektet «Kunnskapsformidling om villrein og villrein fjellet»*



*Villrein flokk, Suldalsheiane. Foto: Ragnar Djuvik.*



*Villreinflokk, Suldalsheiane. Foto: Ragnar Djuvik.*

# Naturen i Knabenes- og Knabeheian

Det tradisjonelle villreinområdet i den nåverande Kvinesdal kommune ligg lengst nord i kommunen, nemleg i Fjotland sokn som tidlegare var ein eigen kommune. Villreinområdet er fyrst og fremst dei indre heiane som tidlegare høyrde til garden Knabeneset, og dei indre heiane som ennå høyrer til garden Knaben. Mesteparten av Knabenes- og Knabeheian er med i landskapsvernområdet Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiane. Området ligg frå rundt 800 til bortimot 1000 m over havet. Området består av snaue heiar med mykje berg i dagen, så at der er lett å gå, men samtidig lett å gå seg vill. Innimellom dei snaue bergflatene ligg det sure lyng- og torvmatter. Der er små dalar på kryss og tvers med eit mylder av tjørner og vatn. Der er bjørkeskog og myrar i dei djupaste dalane. Dessverre veks der lite lav, som jo er det reinsdyra likar best. Hovudinntrykket er snaue, grå berg. Ettersom reinsdyra au er grå, er reinsdyra vanskelege å få auga på.

I Knabenes- og Knabeheian er der sommarbeite for reinsbukkar (og ein sjeldan gong for einslege simler). Og så er der vinterbeite for flokkar av reinsdyrfamiliar. Der er særleg mange dyr her dei vintrane det er vanskelege beitetilhøve lenger nord.

Flokkane av reinsdyrfamiliar kjem hit utpå nyåret, beiter her om vinteren og trekkjer nordover att i påsketida. Kalvinga går føre seg i mai i det høgast liggjande området frå Hilleknuden i Øvre Sirdal, om heiane vest for Roskreppfjorden, nordover til og med Rjuven i Øvre Sirdal / Valle. Slik har det alltid vore, og slik var det au før kraftutbygginga tok til. Men, endå om reinsdyrfamiliane trekkjer nordover i påsketida, er det mange reinsbukkar som blir verande i Knabenes- og Knabeheian både vår og sommar fram til jakttida, som er i august - september. I jakttida er desse sørlegaste heiane eit typisk bukketerreng. Dei som ikkje blir skotne under jakta, trekkjer nordover og parar seg nord i Setesdalsheiane i september - oktober. Dette mønsteret har ein alltid hatt, og dette mønsteret varer ennå, endå om det har funnest svært få dyr i desse sørlegaste heiane frå 1990-åra og utover. Reinsbukkaner misser horna sine rundt joletider.

Dermed taper dei i konkurransen om beitet og dannar eigne sveinkall-lag. Simlene beheld horna sine utover vinteren for å forsvare kalvane, men misser horna sine om våren, dei ufruktbare fyrst og dei andre etter kalvinga. Når ein treffer reinsflokkar om vinteren, har altså ikkje reinsbukkaner horn. Simlene kalvar i mai. Under reinsjakta, som er i august - september, har begge kjønnen fått nye horn. Dei nye horna er bastkledd. Paringstida kjem like etter reinsjakta. Då feiar reinsbukkaner basten av horna sine.

## Innførsel av reinsdyr

Ein mann som det gjekk mange segner om, var «Pilt-Ola», eller Ole Olsen Sangesand frå Songesandsbakkjen ved Lysefjorden. Han kunne minnst restar av eit tamreinlag på nabogarden Sunnmork nord for Lysefjorden på slutten av 1700-talet. Det var der han fekk idéen om å innføra tamrein frå det sørsamiske området. Han ville skipa eit nytt tamreinlag på Fidjeland i Øvre Sirdal, der han hadde slektsrøtene sine. «Pilt-Ola» gjekk til fots til det samiske området og kjøpte tamrein. I desember 1818 var han komen tilbake til Oslo med 200 tamrein. I januar 1819 var han nådd Kristiansand, men då hadde flokken skrumpa inn til 150 dyr. Tamreinsflokken overnatta på Odderøya og laut symja til og frå. Han synte fram tamreinsflokken på torget i Kristiansand og tok opp kollekt til inntekt for gift mot skrubbe (ulv). Han sette Jøren Fidjeland og eit samisk ektepar til å driva tamreinsflokken vidare mot nordvest, og då truleg langsmed Nordmannsvegen gjennom Greipstad, Finsland, Bjelland, Grindheim, Eiken og Fjotland til Fidjeland i Øvre Sirdal. Tamreinsflokken beitte i Fidjelandsheiane i to - tre år. Men forsøket blei mislykka. Ein av grunnane var at skrubbane gjekk til åtak på tamreinsflokken. Resten av tamreinsflokken forvilla seg etter kvart og gjekk inn i villreinstamma i Sirdals- og Setesdalsheiane og i Fjotland, Eiken og Åseral.

«Pilt-Ola» gjekk visstnok fleire gonger til det samiske området etter meir rein, men det kom lite ut av det. Han brukte å gå om Knaben, der han hadde ein bror. Ei tid hadde han to brør i Knaben. Og så hadde han ei syster i Salmeli og ein bror i Steinulvstølen, like nordvest for Knabeneset.



*Typisk natur i Knabeheian. Foto: T. N. Hageland, 1983.*

Dette må ikkje tolkast slik at all villreinen her sør er etterkomarar etter «Pilt-Ola» sin tamreinsflokk. Her var heile tida ein naturleg bestand. Det er funne fangstgroper på Fjotland Austhei som ser ut til å vera eldgamle. Arkeologisk utgraving av ein heller på Fjotland Vesthei gav funn av kol og bein, nokså sikkert reinsdyrbein, som er tidfeste til 11-1200-talet.

Ein annan mann var Ole Olsen Rossevand på Rossevatn i nabobygda Eiken. Han blei kalla «Ola dyreskyttar» fordi han skaut så mange reinsdyr. Han skaut mange bjørnar au. Det var i heiane som fører nordover mot Knaben og austover mot Åseral. Han døydde så tidleg som i 1812.

## Lang pause i reinsjakta

Frå 1830-åra til omkring år 1900 beitte det store krøterdrifter av både storfe og småfe i dei indre heiane mellom Setesdal og Sirdal og vidare sørover til og med dei indre Knabenes- og Kna-

beheian, dei nordlegaste heiane i Eiken og dei nordvestre heiane i Åseral. Krøterdriftene blei gjette på ein streng måte ved at både hjuringane (gjetarane) og krøterdrifta flytte mellom ulike overnattingsplassar heile sommaren. Det var legegjeting. Der låg mange slike krøterdrifter og hjuringar i heiane samtidig. Men krøterdrifter og reinsdyr gjekk ikkje i hop. I tillegg til dette fanst det mange store rovdyr som var ei plage for både krøterdrifter og reinsdyr. Alt dette førde til at det var få reinsdyr og lite reinsjakt på 1800-talet.

## Jaktstatistikk

Jaktstatistikken i Statistisk sentralbyrå går ikkje lenger tilbake enn til 1889. Den fyrste gongen det blei felt reinsdyr i Fjotland etter at jaktstatistikken begynte, var i 1896 med eitt dyr. Og så blei det felt to dyr i 1899. Men ennå var det så lite rein at reinen blei landsfreda i 1902 - 1906. I 1907 blei det felt seks dyr, og i 1908 blei det felt heile fjorten dyr, så det viser at fredinga hadde



*Reinsjegerane brukte mykje å overnatta under Eivindsheddaren (Eivindshelleren) i tida fram til 1935 og av og til etterpå. Denne helleren ligg hundre meter aust for den nordaustre enden av Eivindsvatnet. Ennå ligg det flasker i golvet etter reinsjegerane. Foto: T. N. Hageland, 1984.*

verka. I åra framover stabiliserte talet seg på frå null til sju skotne dyr per år. Det ser ikkje ut til at skotsalvene frå alle gravene under den fyrste verdskrigen skremde reinsdyra bort. I 1914 blei det felt fem dyr, i 1915 heile tretten dyr, men i 1916 null og i 1917 null. I 1918 var talet oppe i sju dyr att. I mange år framover var talet tilbake på det vanlege nivået på mellom null og sju dyr om året. I mange av desse åra var det null. Nå skal ein ikkje lita heilt på jaktstatistikken. I 1958 står det au null, men Torleiv Kvinen minnest godt at det blei skote sju reinsdyr det året. Det var nok ikkje alle fellingane som blei rapporterte, og det var ikkje alltid lensmannsprotokollen blei innlevert.

På slutten av 1960-åra var reinsdyrbestanden for stor på Hardangervidda; derfor kom det mange reinsdyr sørover derifrå. Vinteren 1970 låg snøen så pass nedisa på Hardangervidda og i Ryfylkeheiane at uvanleg mange reinsflokkar trekte sørover, og då til dei aller sørlegaste heiane. I 1970 blei det felt heile tjuet fire dyr i Knabenes- og Knabeheian i Fjotland. Det var rekorden. I

1971 blei det felt seksten dyr, i 1972 seksten dyr, i 1973 elleve dyr, i 1974 fem dyr og i 1975 sju dyr. Så blei jaktutbyttet magrare og heldt seg på det vanlege nivået på mellom null og sju reinsdyr i året heilt fram til 1995. 1995 var det siste året det blei skote reinsdyr i Knabenes- og Knabeheian (per 2020). Men det har vore sett reinsdyr etterpå.

Det var nok fleire årsaker til nedgangen. I 1982 blei trekkvegen mellom nord og sør stengd av den kunstige innsjøen Blåsjø i Bykle/Hjelmland/Suldal. Det tok tid før reinsdyra fann ein smal passasje gjennom Steinbuskaret. Brokke-Suleskarvegen blei bygd på tvers av heiane i 1990. Reinsdyra nølte med å kryssa denne nye køyrevegen i sommarhalvåret. I 1998 blei trekkvegen mellom nord og sør stengd av det oppstemde Urevatn i Bykle. Dette stengselet blei verre enn Blåsjø, for dermed blei reinsdyrbestanden derifrå og sørover avstengd frå bestanden nordanfor. Frå 1994 til 2001 gav styremaktene store fellingskvotar med tanke på å fjerna to tredjedelar av reinsdyrbestanden i Setesdal



*For å halda borte ramn og insekt under overnattninga, fylde jegerane reinsdyr-skrøvet med steinar og søkte reinsdyret ned i vatn. Når dei lyfte reinsdyret opp att or vatnet, var reinsdyret blitt heilt stivt. Til venstre står Åge Kvinen. Til høgre ligg det ein stor stein. Foto: Torleiv Kvinen, Knaben.*

Vesthei. Men den største årsaka til nedgangen ser ut til å ha vore at reinsflokkar flykta frå Setesdal Vesthei gjennom Bykle over til Setesdal Austhei på den tida.

Kraftlina mellom Åseral og Nesjèn blei strekt gjennom Knabenes- og Knabeheian tidleg i 1980-åra. Ho har vore oppgradert to gonger på 2000-talet. Det syng i trådane når det regnar. Det kan nok au verka skremmande på reinen.

## Knabenesheian

Det indre av Knabenesheian blir kalla Neseheie i daglegtalet. I 1880-90-åra gjorde bjørnane så pass store innhogg i krøterdriftene i denne heia at eigaren gav opp å ha krøter på beite her. Sidan den tid har mange jakt- og fiskeinteresserte forretningsfolk og fabrikkengarar anten ått



*Frå venstre: Torji Kvinen, Åge Kvinen, Torbjørn Kvinlaug og Jan Kvinlaug. Foto: Torleiv Kvinen, Knaben.*

eller leigd denne heia. Dei bygde ei jakthytte i Maurehøl og ei bu på Indra Landsløglegå. For det meste dreiv dei med rypejakt og fiske. I 1930-åra var der iallfall reinsjakt, for då var det fire fjotlendingar som åtte denne drifteheia i fellesskap. Men det var langt å kløvja heim reinskjøtet frå denne heia. Det var over to mil å gå til fots til næraste køyreveg.

I 1965 bygde Sira-Kvina kraftselskap køyreveg heilt inn til Nesjèn og sideveg forbi Maurehøl. Frå då av blei det lettare å driva reinsjakt. I 1970-åra leigde Dante Valente frå Flekkefjord reinsjakta, for han hadde hytte i Maurehøl. Her var reinsjakt kvart år vidare fram til og med år 2000 og med kvote på fire reinsbukkar.





*Til venstre står Tor Odd Haukland frå Jæren. Til høgre står Torleiv Kvinen frå Knaben gard. Biletet er teke nær Eivindsvatnet i Knabeheian.*

*Foto: Torbjørn Kvinlaug. Biletet er utlånt av Torleiv Kvinen, Knaben.*

## Knabeheian

Det er knabarane som eig denne heia i sameige. Det er store avstandar i Knabeheian. Før i tida var det for langt å gå til at jegerane kunne gå heim att same dagen. Dermed laut dei lagra reinsdyret fram til heimreisedagen. Etter å ha skore ut innvolane, fylde dei skrøvet med steinar og søkte reinsdyret ned i vatn. Det var viktig å søkkja det ned i vatn så at ikkje anten ramnar eller insekt skulle koma til. På heimreisedagen tømde dei ut att steinane og lyfte reinsdyret opp or vatnet. Då var reinsdyret blitt heilt stivt.

I mange år blei reinsdyra borne, noko i ryggsekkar, noko med hest og kløv. Frå 1970-åra blei det somtid leigd inn eit sjøfly, og frå 1980-åra blei det vanleg med helikopter.

Fram til 1935 overnatta knabarane anten under

open himmel eller under Eivindsheddaren når dei var på reinsjakt. Der ligg ennå tomflasker i hellergolvet.

Men i 1935 blei den fyrste hytta bygd med Vierlonè, eit stykke frå den gamle driftelega som heitte «Auster i haug». Hytta var så lita og låg at ein laut bøya seg når ein gjekk inn. Der var ikkje køyer, så det låg åtte mann på golvet der inne om nettene. Det var dei åtte sameigarane. Hytta står for så vidt ennå, men ho er ikkje lenger i bruk. I 1980 blei det nemleg bygd ny hytte ute på odden med Vierlonè, noko nærare den gamle driftelega «Auster i haug». Der er det fire køyer med i alt åtte sengeplassar.

Lars Knaben (f. 1919, d. 1996) blei intervjuet av J. C. Frøstrup i boka «Veiderliv II». Lars var med dei vaksne på reinsjakt for fyrste gong i 1934. Då låg dei tre - fire netter under open



*Villrein, Suldalsheiane. Foto: Ragnar Djuvik.*





*Det tamme reinsdyret Stefanus inne i stova i Knaben. Frå venstre sit Ola T. Kvinen, Asgjerd Krossli, Ola G. Kvinen og Torleiv Kvinen. Foto: utlånt av Torleiv Kvinen, Knaben.*

himmel i Maurehøl i Knabenesheian. Dei gjorde opp bål, og der var så kaldt at dei laut halda elden ved like heile natta. Dei blei varme på den eine sida og kalde på den andre sida, så dei laut stadig snu seg. Dei fraus forferdeleg, for det var alt blitt september. Dei fekk tre reinsdyr på den turen.

Knabenes- og Knabeheian var frå gammalt av eit typisk bukketerreng. Men frå rundt 1990 blei det somtid sett simle med kalv, så simla måtte vel då ha kalva her sør eikor stad. Dette var noko nytt. Det tradisjonelle kalvingsområdet er jo langt nord i Setesdalsheiane. Jaktlaget vedtok då at det aldri skulle skytast simle med kalv. Det var om å gjera å få opp reinsdyrbestanden.

Av dei knabarane som nå lever, er Torleiv Kvinen (f. 1944) den eldste som har vore med på reinsjakt. Derfor skal me la han fortelja:

*«Den fyrste gongen eg var med på reinsjakt, var i 1958. Då var eg fjorten år gamal. Då skaut*

*eg og jaktlaget sju reinsdyr austafør Bjødnehiet, nord for Hoggreskartjødnèn. Jaktlaget bar reinsdyra ned til hytta med Vierlonè. For kvart reinsdyr fylte me skrøvet med steinar og søkte reinsdyret ned i vatn. Somme av jegerane gjekk ned til Knaben og henta to hestar. Dei to hestane bar to reinsdyr kvar, eitt på kvar side av kløva. Jaktlaget bar dei siste tre reinsdyra i ryggsekkar. Traktor og tilhengjar stod og venta ved Kvina gruver. Og så blei alt saman køyrt derifrå og heim til Knaben.*

*Eg var med på reinsjakt i alle år sidan, bortsett frå då eg var i Amerika. I 1972 skaut me tre av reinsdyra ved Hoggrevatnet. Då var det komen køyreveg til innanfor Maurehøl, så me bar reinsdyra dit. I 1973 skaut me sju av reinsdyra innmed Eivindsvatnet. Då blei reinsdyra flogne med sjøfly ned til Homstølvatnet, der det var køyreveg. Det var ennå ikkje vanleg med helikopter på den tida.*

*I oktober 1979 kom eg over ein reinkalv heilt*



*Ola T. Kvinen, Knaben, og det tamme reinsdyret Stefanus. Foto: ukjent, 1979, utlånt av Torleiv Kvinen, Knaben.*



*innmed garden her i Knaben. Simla hadde vel gått ifrå han. Reinkalven fylgde etter meg som ein hund. Han fylgde med meg heilt inn i stova. Me kalla han «Stefanus». Han blei ein kjæledegge både for dei fastbuande og for turistar, og mest for borna. Borna tykte det var stas å leika med reinsdyret. Om dagane gjekk reinsdyret på beite mellom sauene på garden. Reinkalven «Stefanus» blei omtalt både i Fædrelandsvennen, i Stavanger Aftenblad og i Verdens Gang. Men då reinkalven blei vaksen, feide han horna sine mot ein bunt med tråd. Horna blei hengjande fast til dess at dyret sprengde seg. Far min fann dyret og fekk det laus, men det kom seg aldri, og så døydde det like etterpå.*

*Eitt år i 1980-åra skaut me tre reinsdyr, og så såg me to til som me ikkje fekk. Det var i Krypplingdalen. Krypplingdalen blei rekna som beste plassen for reinsjakt.*

*Eg har au skote reinsdyr aleine. Ein gong i 1980-åra skaut eg tre reinsdyr ved Eivindsvatnet. Då var det blitt vanleg med helikopter, så reinsdyra blei frakta med helikopter til Kvina gruver. Derifrå blei reinsdyra frakta med traktor. Ein annan gong skaut eg tre reinsdyr aleine på Krogevassheie.*

*I 1986 skaut me sju reinsdyr innmed Kyrevatnet. Me bar reinsdyra heimover til Finndalsvatnet. Der hadde me båt liggjande. På hi sida hadde me to hestar; det var ein islandshest og ein nordlandshest. Dei var så små, dei hestane, så hestane kunne ikkje bera reinsdyra i kløv, men*

*laut dra eit reinsdyr kvar på slep etter seg. Og så laut me bera resten av kjøtet.*

*Etter 1986 gjekk det stadig nedover med bestanden. I 1990-åra fekk me berre eitt og anna dyr.*

*Når ein er på reinsjakt, er det viktig å innretta seg etter vindretninga. Ein må aldri gå i silhuett mot himmelen over heietoppar. Og ein må aldri tala. Nå for tida finst det mange av dei unge som aldri har lært å teia under jakt. Dei har med seg nymotens radioar og mobiltelefonar, og så gløymer dei seg bort.*

*Ein gong såg eg ei ørn som jaga eit reinsdyr og prøvde å jaga det utfor eit bratt fjell. Men ho lykkast ikkje med det.*

*Utanom reinsjakta har eg skote 36 elgar, mange revar og hundrevis av ryper».*

## **Reinsdyr på Fjotland Austhei og vidare over i Eiken**

Heiane søraustover i nabobygdene Eiken og Åseral har au hatt rein nesten kvart år, det vil seia reinsdyrfamiliar om vintrane og reinsbukkar om somrane. Ein vår rundt 1957 stod det ein reinsflokk og beitte heilt nede i innmarka i Verdalen i Eiken. Under snøvinteren 1966 kom det reinsflokkar ned til vegen mellom Verdalen og



*Stølsryggjen. Den søre fangstgropa ligg nærast til høgre i biletet over. Her ser ein den smale tangen (moreneryggen eller eskeren, ein morenerygg som er blitt liggjande etter ein bekk i ein bretunnel då her var istid). Bileta under viser nordre fangstgrop på Stølsryggjen. Arkeolog Snorre Haukalid står oppi fangstgropa. Foto: T. N. Hageland, 2012.*



Kvåle i Eiken. Den sørlegaste utflukta skjedde under snøvintrane 1960 og 1966 då reinen trekte heilt sør til fylkesveg 42 i Bløkedalan. Det er austafør Skeiekrysset i Eiken.

I mars 1960 blei det sett ein reinsflokk på 29 dyr heilt ut på endefjellet av Hekkfjeddet i Eiken, 704 m over havet. Så seint som i 1980-åra kunne folk stå nede i Tveitosen og sjå reinane høgt der oppe. Det var før der blei sett opp master. Det blei skote reinsdyr i Eiken og Åseral fram til 1980-åra. Vintrane 1994 og 1995 blei det sett reinsflokkar i stølsområdet på baksida av Hekkfjeddet. Vinteren 1994 kom det særskilt mange reinsdyr sørover, dei fylgde Landdalen heilt ned til innmarka på garden Eikjen, og dei kryssa vegen heilt ute på Grostøl. Men deretter blei reinsdyra borte, og det blei slutt med reinsjakt i Eiken og Åseral.

Fjotland Austhei var au reinsdyrbeite, men det var helst om vintrane. I fleire vintrar trekte det reinsflokkar til dei næraste heiane sør for Knaben, sørover mot garden Eptestøl og vidare sørover til Haddelandsheiè. Vinteren 1962 gjekk 16 reinsdyr inn i uthuset i «Åså» (Førlandsås) og åt opp høyet der. Eigaren hadde slege graset og hadde høy ståande der, men der stod øyde, for han budde på ein gard lenger nede i dalen. Formannen i Knaben jaktlag, Magne Solås, opplyser at simlene kalva på Heiefjeddet i Fjotland i det eine året 1995 då det hadde vore ein stor snøvinter. Ein kunne sjå dei med kikkert frå Knabegarden. Heiefjeddet ligg mellom garden Knaben og garden «Heiè» eller «Uborsheiè» (Håland).

Sør for Fjotlandsvatnet i Fjotland ligg Reinsdalen som vender sør - nord.

Når det gjeld heiane vestafør Lygne i Eiken, trekte det ein reinsflokk om Haddelandsheiè sørover til Rosseheiè under snøvintrane 1960 og 1966.

Under den ekstreme nedisingsvinteren 1970 trekte det store reinsflokkar sørover frå Hardangervidda og Ryfylkeheiane, som før nemnt. Frå slutten av februar 1970 beitte det ein reinsflokk på 41 dyr så pass langt sør som i Ormehommen i Heddansdalen vest for garden Heddan i Hægebostad sokn. Der veks det fjellskog i alle

lier, men der er snau på heietoppar og myrar. I slutten av mars 1970 ville reinsflokken nordover att. Då sprang reinsflokken over Blåbergan og Krokevatnet og kryssa fylkesveg 42 på Haddelandsheiè til stor glede for alle påsketuristane som såg på.

Under den store reinsdyrvinteren 1994 kom det au reinsdyr heilt ut på Haddelandsheiè.

Det ligg to fangstgroper på Stølsryggjen nær Veggjelandsstølan, sør for Haddelandsheiè. Stølsryggjen er ein esker (ein morenerygg som er blitt liggjande etter ein bekk i ein bretunnel då her var istid). Stølsryggjen vender nord - sør og ligg mellom dei to Ljosavatnan i vest og dei to Stølsvatnan i aust. Dei to fangstgropene ligg i kvar sin ende av Stølsryggjen, akkurat der dyr ville springa av og på den smale tangen mellom vatna i sommarhalvåret.

Den nordre fangstgropa (LK 890,823) har øvre diameter 2,5 x 2,5 m. Den søre fangstgropa (LK 888,818) har øvre diameter 2,0 x 3,3 m. Begge er 1,5 m djupe, og dei er nedgravne i morenejord, men er begge lite grann oppmura i nordveggen, og botnen på dei er trektforma. Kan henda har det vore pælar i kantane, og så har vel kantane rasa noko innover.

Fangstgropene på Stølsryggjen liknar slike som blei brukte til fangst av elg, men elggraver skal vera større, nemleg opptil 6 m i øvre diameter og over 2 m djupe. Det er dei ikkje her. Begge fangstgropene på Stølsryggjen er så pass små at dei må ha vore brukte til fangst av reinsdyr. Dei er i så fall dei sørlegaste fangstgropene (eller dyregravene) i landet. Og det er ikkje utenkjeleg at reinsdyr trekte så pass langt sør som hit. Sveinung Bang-Andersen har ikkje fått med seg desse to fangstgropene i kulturminnerapporten «Reinsdyrgraver i Setesdal Vesthei». Dei sørlegaste dyregravene som han har fått opplysningar om, låg i Øvre Sirdal. Det er eit mysterium korfor ein aldri har funne anten dyregraver eller namn på «dyrgrø» på dei fem mila frå Øvre Sirdal til Stølsryggjen.



*Knaben reinsjaktlag med to skotne reinsdyr mellom Blåknuden og Venaheie. Frå venstre sit Torleiv Kvinen, Ola G. Kvinen, Ola T. Kvinen og Tor Odd Haukland. Frå venstre står Torji Kvinen, Torbjørn Kvinlaug og Jan Kvinlaug. Biletet er utlånt av Torleiv Kvinen, Knaben.*

## Reinsdyr på Fjotland Vesthei

Vestheia i Fjotland var au reinsdyrbeite. Vest for Øvra Øyevatn, som ligg på heia nordvest for Netland i Fjotland, ligg det ein trong dal som vender sør - nord. I kanten av denne tronge dalen ligg det ein stor heller med opplødde murar (LL 763,021). Murane er tolka som bogestille. Arkeologar har prøvestukke i hellergolvet og funne kol og bein som nokså visst er etter reinsdyr, og funna er tidfeste til 1184 - 1282. På den tida var det overskot av reinsdyr på Hardangervidda, for det viser nemleg utgravingar rundt Ørteren, Krækkjavatnet og Sumtangen. Truleg trekte mange reinsdyr sørover frå Hardangervidda den gongen. Jegerane sat nok ferdige med pil og boge under helleren og venta på at reinsdyra skulle koma forbi under det årlege trekket mellom sør og nord.

I nyare tid har det au førecome reinsdyr på Fjotland Vesthei, men ikkje kvart år. I 1970-åra

trekte reinsdyra heilt ned i dalen til garden Lindefjedd i Fjotland. Ved Selandsstølen i Fjotland ligg Reinsdalen, vendt sør - nord. I 1973 - 1974 blei det sett reinsdyr på Krågeland i Fjotland. Rundt 1977 såg folk ein reinsflokk på Høghei straks vest for Krågeland i Fjotland. Det var like ved varden, så vidt innanfor nabobygda Gyland. Rundt 1986 blei det teke bilete av ein reinsflokk på Flæen vest for Risnes i Fjotland. Rundt månadsskiftet oktober - november 1994 beitte det ein reinsflokk på fem dyr på Fossheim ved Urdal i Gyland. Aust for midten av Sirdalsvatnet finst det ei hei som heiter Reinsheiè. Dette området sokna tidlegare til Bakke, men ligg nå i Sirdal kommune.

Fjotland Vesthei var merka på kartet som villreinområde. Men så blei det planlagt vindkraftverk på Fjotland Vesthei. Motstandarane argumenterte med urørt natur og med reinen, men til inga nytte. Kommunane ville så gjerne ha dette vindkraftverket, den gongen. Derfor blei Fjotland Vesthei degradert til marginalt område for reinen i 2008. Og så, i 2018 - 2021, blei Fjotland Vesthei øydelagd av dei digre propelane. Det vil nok aldri koma reinsdyr der meir.

## Reinsdyr på sydentur

Hausten 1994 kom det vandrane eit einsleg reinsdyr ut til Raustad som ligg mellom Kvinesdal og Fedal. Det hadde vel stukke av frå flokken på Fossheim ved Urdal i Gyland, som nemnt ovanfor.

Rundt månadsskiftet september - oktober 2003 blei det sett eit reinsdyr i heia ved Stokkeland i Greipstad. Det same reinsdyret blei skote under hjortejakta på Usland i Øyslebø 5. oktober 2003. Skyttaren tenkte aldri på anna enn hjort og elg.





*Knaben reinsjaktlag utanfor hytta ved Viår-lonè (nær Auster i haug). Frå venstre: Tor Odd Haukland, Bjørn Dagfinsen, Jan Kvinlaug, Sigurd Krossli, Ola T. Kvinen, Per Eftestøl, Lars Knaben og Ola G. Kvinen. Foto: Torleiv Kvinen, Knaben.*

Kjøtet blei inndrege, og skyttaren laut betala 3000 kr i bot. Men jaktlaget tilgav han. Det var nok ingen som i sin villaste fantasi hadde førestilt seg at det ville koma eit reinsdyr der, langt nede i skogsbygdene.

Berre ei veke etter at Øyslebø-reinen var blitt skoten, vandra det ein reinsbuk forbi Øvre Kvinlog i Fjotland heilt ut til Oksefjell i Kvinesdal. Bladet Fædrelandsvennen sette som overskrift: «Reinsdyr på sydentur». Det var altså i oktober 2003.

Mellom Øvland og Djupesland i Finsland ligg Kviheia. Kviheia er det næraste ein kjem villmark i Finsland, for akkurat der er det langt mellom gardane. Ordet kvi tyder innhegning. På Kviheia ligg både Reinsåsen, Reinstjønn, Reinsteinen, Dyråsen og Dyråstjønnan. Over Kviheia gjekk Nordmannsvegen, som var offentleg rideveg fram til 1836. Det var sannsynlegvis langs denne vegen «Pilt-Ola» kom drivande med reinsflokken sin i 1819. Det er freistande å tru at namna har med han å gjera, men me veit det jo ikkje. Han hadde iallfall kontakt med folk i Finsland.

Elles finst det nokre stadnamn som ligg altfor langt sør til at dei kan koma av reinsdyr: Reinstø på heia ved Snartemo i Hægebostad, Reinstø på Frostestadåsen vest for Mandal og Reinstjødn som ligg aust for Vollesfjord aust for Flekkfjord. Desse stadnamna kjem nok heller av «eit røyne» som var eit eldre ord for «rauneskog» (skog av treslaget rogn).

## *Litteratur:*

- Andreassen, Hege: «Buheii vindkraftverk» (arkeologisk rapport, Fylkeskonservatoren i Vest-Agder, 2019).
- Bang-Andersen, Sveinung: «Reinsdyrgraver i Setesdal Vesthei» (Arkeologisk museum i Stavanger, Varia 40, 2003).
- Frøstrup, Johan Christian og Nils Petter Vigerstøl: «Veiderliv II» (Friluftsforlaget, 1994).
- Grothaug Andersen, Bjørn: «Sørlandet i sen- og postglacial tid» (Norges Geologiske Undersøkelse, nr. 210, Oslo, 1960), i kommisjon hos H. Aschehoug & Co, s. 35.
- Hageland, Torfinn Normann: «Naturen i Eiken sokn» (Eiken sogelag, 1987).
- Hageland, Torfinn Normann: «Heieliv i Hekkfjeddet» (Eiken sogelag, ny og revidert utgåve, 2021).
- Jerstad, Johan: «Fjotland sogebok» (1949), s. 129. «Grannen» nr. 1 – 1941.
- Jacobsen, Harald og Jørn-R. Follum: «Kulturminner og skogbruk» (Skogbrukets kursinstitutt, 1997), s. 182.
- Moe, Jone: «Pilt-Ola» (1972).
- Rygh, Oluf: «Norske Gaardnavne» (1897-1924). Statistisk sentralbyrå: «Jaktstatistikk 1846-1977».
- Ymse nummer av bladet Fædrelandsvennen.

*Vister etter villrein, Suldal. Foto: Ragnar Djuvik.*





